



# **BETALINGSHEFTE 2021**

Rådmannen sitt forslag november 2020

# KOMMUNALE AVGIFTER OG BETALINGSSATSAR

Kommunale avgifter og betalingssatsar er auka med 2,7 % med følgande unnatak:

- Årleg kloakk- og vassavgift er auka med 5%. Me ligg fortsatt godt under sjølvkost.
- Renovasjonsavgiftene kjem i frå IVAR IKS.
- Det har blitt nye prisar på tryggleiksalarmar, jf ny avtale med Telenor.
- Enkelte priser blir justert ut i frå endring i lov, forskrift eller vedtak i statsbudsjettet.

## 1. VATN OG KLOAKK

### A) Heile kommunen utanom Mosvatnet-området

Alle satsar er inkludert mva.

<b>Hus og hytter</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Tilknytingsavgift vatn	kr 34 500	kr 32 900
Tilknytingsavgift kloakk	kr 25 900	kr 24 700
<b>Årsavgifter for bustadhus, fritidshus og hytter fastsett ut frå stipulert forbruk gjeldande forbruksgebyret:</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Vatn</b>		
Abonnementsavgift (35% av samla årsavgift)	kr 1 950	kr 1 860
Forbruksavgift (65% av samla årsavgift, stipulert forbruk på 210 m3)	kr 3 510	kr 3 340
Sum årsavgift vatn	<b>kr 5 460</b>	<b>kr 5 200</b>
<b>Kloakk</b>		
Abonnementsavgift (35% av samla årsavgift)	kr 1 710	kr 1 630
Forbruksavgift (65% av samla årsavgift, stipulert avløpsmengd 210 m3 )	kr 3 170	kr 3 020
Sum årsavgift kloakk	<b>kr 4 880</b>	<b>kr 4 650</b>
	kr 10 340	kr 9 850
<b>Årsavgifter ved berekning av årsavgifter for vatn og kloakk ut frå faktisk forbruk</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Vatn</b>		
Abonnementsavgift	kr 1 950	kr 1 860
Forbruksavgift etter målt forbruk pr. m3	kr 16,2	kr 15,4
Leige av vassmålar	kr 390	kr 370
<b>Kloakk</b>		
Årsavgift kloakk		
Abonnementsavgift	kr 1 710	kr 1 630
Forbruksavgift etter målt forbruk vatn pr. m3	kr 14,60	kr 13,90

## B) Mosvatnet-området

Alle satsar er inkludert mva.

<b>Mosvatnet-området</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Tilknytingsavgift vatn	kr 99 900	kr 95 100
Tilknytingsavgift kloakk	kr 116 700	kr 111 100
<b>Årsavgifter for hytter og fritidshus i Mosvatn-området fastsett ut frå stipulert forbruk gjeldande forbruksgebyret:</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Årsavgift vatn</b>		
Abonnementsavgift	kr 3 210	kr 3 060
Forbruksgebyr	kr 1 970	kr 1 880
Sum årsavgift vatn	kr 5 180	kr 4 940
<b>Årsavgift kloakk</b>		
Abonnementsavgift	kr 4 050	kr 3 860
Forbruksgebyr	kr 2 370	kr 2 260
Sum årsavgift kloakk	kr 6 420	kr 6 120
<b>Årsavgift for hytter og fritidshus i Mosvatn-området ut frå faktisk forbruk</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Årsavgift vatn		
Abonnementsavgift	kr 3 210	kr 3 060
Forbruksgebyr etter målt forbruk pr. m3	kr 26,0	kr 24,8
Leige av vassmålar	kr 380	kr 360
Årsavgift kloakk		
Abonnementsavgift	kr 4 050	kr 3 860
Forbruksavgift etter målt forbruk vatn pr. m3	kr 31,0	kr 29,5

Abonnementsavgift for næringsseigedomar, større offentlege verksemdar, og næringsdel i kombinasjonsbygg vert fastsett etter særlege reglar fastsett i forskrifta sin § 6.2.

## C) Næringsbygg og andre bygg som ikkje er hytter/fritidshus

- Tilknytingsavgifter for vatn og kloakk er det same som for hytter og fritidshus.
- Abonnementsavgifta for vatn og kloakk vert fastsett etter særlege reglar fastsett i forskrift.
- Forbruksgebyret er som for hytter og fritidshus.
- Leige av vassmålar er som for hytter og fritidshus.

## 2. TILSYN OG FEIING

<b>Tilsyn og feiing inkl mva</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Tilsyn og feiing pr pipe	kr 730	kr 710

### 3. RENOVASJONSGBYR (IVAR IKS)

Prisane for 2021 kjem i november. Alle priser er inkludert mva.

<b>Gebyr 2020 for Suldal kommune, IVAR IKS</b>		
<b>Varenr:</b>	<b>Renovasjonsgebyr</b>	<b>Gebyr</b>
*01	Standard Ordning (140 l restavfall)	4 360
*02	Stor Ordning (240 l restavfall)	5 610
*03	Heimekompostering med standard (140 l restavfall)	3 633
*04	Heimekompostering Stor (240 l restavfall)	4 675
*05	Hytterrenovasjon med dunk (140 l restavfall)	4 360
	<b>For dei utan 3-dunksystem (gjeld Suldal kommune i 2020)</b>	
*01	<b>Standard abonnement med 240 liter restavfallsdunk</b>	<b>4 360</b>
*02	<b>Abonnement med 140 liter restavfallsdunk</b>	<b>3 869</b>
*03	<b>Abonnement med 140 liter restavfallsdunk og kompostering</b>	<b>3 627</b>
*04	<b>Abonnement med 140 liter restavfallsdunk og tømning 4/veke</b>	<b>3 223</b>
*05	<b>Hytterrenovasjon med 140 liter restavfallsdunk</b>	<b>2 635</b>
109	<b>Gebyr bytte av renovasjonsdunk</b>	<b>300</b>
*10	Hytterrenovasjon	2 089
220	Hytterrenovasjon vinterstengt veg	1 514
100	Tilleggsavstand ord 1-5 (0-30 m)	1 461
101	Tilleggsavstand ord 1-5 (0-40 m)	1 827
102	Tilleggsavstand ord 1-5 (0-50 m)	2 192
103	Tilleggsavstand ord 15 (0-10 meter)	550
104	Tilleggsavstand ord 15 (0-20 meter)	1 098
60	Renovasjon 3 mnd	1 372
61	Renovasjon 5 mnd	2 031
64	(april/sept)	2 433
	<b>SLAM (Ingen gebyrendring på slam)</b>	
*20	Slam hus	1 691
*21	Slam hytte	1 230
780	Slam årleg tømning	2 331
781	Slam, tømning 2 gonger i året	4 662
715	Slam hytter (delt tank < 10 m <sup>3</sup> )	667
716	Slam hytter (delt tank > 10 m <sup>3</sup> )	527
717	Slam delt tank hytter/hus (uansett storleik, tøm kvart 2. år)	791
718	Slam delt tank hytter/hus (uansett storleik, åleg tømning)	954
11	Ekstratømming inntil 5 m <sup>3</sup> , private abonnentar	4 000
12	tillegg pr m <sup>3</sup> >5me v/ekstratømming	400
712 / 4122ab	Slam delt tank (same (gamal ordn.)	411
70	Slamvolum over 4 m <sup>3</sup> (gamal ord.)	411
719	Tillegg over 5 m <sup>3</sup> (slam)	131
	<b>LEVERING TIL GJENVINNINGST</b>	
	Bygg- og rivningsavfall privat pr m <sup>3</sup>	300

## 4. GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR

(Tinglysingsgebyr kjem i tillegg til satsane nedanfor)

§ 15. Gebyrer for kommunens behandling av søknaden om seksjonering

Kommunen kan fastsette et seksjoneringsgebyr for å behandle seksjonerings søknaden. Gebyret kan ikke være høyere enn de nødvendige kostnadene kommunen har med slike saker. Gebyret skal innbetales innen en frist som kommunen setter. I tillegg kan kommunen kreve gebyr etter reglene i matrikkellova for oppmålingsforretning og for matrikkelbrev som må utstedes etter § 18 i denne loven.

<b>Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Behandle søknad om seksjonering	kr 4 300	kr 4 190

## 5. GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

(Tinglysingsgebyr kjem i tillegg til satsane nedanfor)

### 5.1 Oppretting av matrikkeleining

#### 5.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

<b>Oppretting av grunneigedom og festegrund punktfeste</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Punktfeste	kr 8 260	kr 8 040
Areal frå 0-500 m2	kr 16 650	kr 16 210
Areal frå 501 – 2000 m2	kr 21 160	kr 20 600
Areal frå 2001 m2 – auke pr. påbegynt da	kr 760	kr 740
Frådeling utan merking og måling i terrenget	kr 6 010	kr 5 850
Pr pkt som ikkje er etablert / koordbestemt frå før	kr 990	kr 960

For eigedom som ikkje er sjølvstendig brukseining vert rekna 0,5 gebyr etter dette pkt. Ved samtidig rekvisisjon og oppmåling av fleire tilgrensande tomter som vert rekvirert av same person vert det gitt følgjande reduksjon i gebyret

- 5-10 tomter 10%
- 11-15 tomter 15%
- 16 og fleire tomter 20%

#### 5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

<b>Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Areal frå 0-500 m2	kr 16 650	kr 16 210
Areal frå 501 – 2000 m2	kr 21 160	kr 20 600
Areal frå 2001 m2 – auke pr. påbegynt da	kr 760	kr 740

#### 5.1.3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon

<b>Oppretting av uteareal på eigarseksjon</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Gebyr for tilleggsareal pr. eigarseksjon		
Areal frå 0-50 m2	kr 10 520	kr 10 240
Areal frå 51-250 m2	kr 13 520	kr 13 160
Areal frå 251-2000 m2	kr 15 150	kr 14 750
Areal frå 2001m2 – auke pr. påbegynt da	kr 760	kr 740

#### 5.1.4 Oppretting av anleggseigedom

<b>Oppretting av anleggseigedom</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Gebyr for oppretting av anleggseigedom		
Areal frå 0-2000 m <sup>2</sup>	kr 37 810	kr 36 820
Areal frå 2001 m <sup>2</sup> – auke pr. påbegynt da	kr 1 510	kr 1 470

#### 5.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid – sjå pkt. 5.12.

#### 5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Syner til punkta ovanfor. I tillegg kr 5620,- for å utføra oppmålingsforretning.

#### 5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, må avvisast eller ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve vert sett til 1/3 av gebyrsatsane.

#### 5.3 Grensejustering

##### 5.3.1 Grunneigedom

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedommar justerast med inntil 5 % av eigdommen sitt areal (maksimalgrensa er sett til 500 m<sup>2</sup>). Ein eigedom kan likevel ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigdommen sitt areal før justeringa.

<b>Grensejustering grunneigedom</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Areal frå 0-250 m <sup>2</sup>	kr 7 520	kr 7 320
Areal frå 251 – 500 m <sup>2</sup>	kr 10 520	kr 10 240

##### 5.3.2 Anleggseigedom

Ein anleggseigedom kan justerast med inntil 5% av anleggseigedommen sitt areal, men den maksimale grensa vert sett til 1000 m<sup>2</sup>.

<b>Grensejustering anleggseigedom</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Areal frå 0-250 m <sup>2</sup>	kr 15 150	kr 14 750
Areal frå 251 – 1000 m <sup>2</sup>	kr 19 660	kr 19 140

#### 5.4 Arealoverføring

##### 5.4.1 Grunneigedom

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Arealsatser som i 5.1.1. redusert med 40%.

##### 5.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan areal som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna ikkje vera registrert på ei tredje matrikkeleining. Arealet kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er tilstades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande areal.

<b>Anleggseigedom</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Areal frå 0-250 m2	kr 24 290	kr 23 650
Areal frå 251 – 500 m2	kr 30 300	kr 29 500
Arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m2 medfører ein auke av gebyret på	kr 2 250	kr 2 190

- 5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

<b>Klarlegging der koord er bestemt</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
For inntil 2 pkt. men maks som 4.1.1	kr 4 520	kr 4 400
For overskytande grensepunkt, pr. pkt.	kr 490	kr 480

- 5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt /eller klarlegging av rettar.

<b>Klarlegging der koord ikkje er bestemt</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
For inntil 2 punkt	kr 6 010	kr 5 850
For overskytande grensepunkt, pr. pkt men maks som 4.1.1	kr 990	kr 960

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid, sjå pkt. 5.12.

- 5.7 Privat grenseavtale

<b>Privat grenseavtale</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	kr 5 870	kr 5 720

For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde. Billegaste alternativ for rekvirent skal veljast. Alternativt kan gebyr fastsetjast etter medgått tid. (sjå pkt. 5.12)

- 5.8 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret utan tvil er urimeleg i høve til dei prinsippa som er lagt til grunn og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan bygdeutviklingssjefen eller den han har gitt fullmakt fastsetja eit høveleg gebyr.

- 5.9 Betalingstidspunkt

Gebyret vert kravd inn på etterskot.

- 5.10 Endringar i grunnlag for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten endringar i grunnlaget for matrikkelføring medan saka pågår, vert gebyret likevel oppretthalde.

- 5.11 Utskriving av matrikkelbrev

Satsane for utskrivning av matrikkelbrev vert regulert av Statens Kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

- 5.12 Andre tenester

Arbeid som ikkje passar inn i punkta over vert fakturert med kr 1000,- pr. time. Kostnader med tinglysing kjem i tillegg.

## 6. GEBYR ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA

### 6.1 Bustadhus

<b>Bustadshus m.m.</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Sakshandsaming for oppføring av heilårs einebustad i tråd med arealplan eller gitt dispensasjon, inkl. ferdigattest	kr 8 780	kr 8 550
Fleirmannsbustader og rekkehus grunngbyr	kr 8 430	kr 8 210
Tillegg for ekstra bueiing	kr 4 710	kr 4 590
Søknad som kan fremjast av tiltakshavar (§ 20-2)	kr 4 380	kr 4 260

Gratis sakshandsaming (byggesøknad) for oppføring av bustad for unge under 35 år. Søkjar må vera busett i huset etter at det er bygd.

### 6.2 Hytter

<b>Hytter m.m.</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Sakshandsaming for oppføring av hytter/fritidshus i tråd med arealplan eller gitt dispensasjon, inkl. ferdigattest, per bueining	kr 8 780	kr 8 550
Hytter i rekke grunngbyr	kr 8 430	kr 8 210
Tillegg for ekstra bueining	kr 4 550	kr 4 430
Søknad som kan fremjast av tiltakshavar (§ 20-2)	kr 4 380	kr 4 260

### 6.3 Næringsbygg

<b>Næringsbygg m.m</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Sakshandsaming for oppføring av nybygg næringsbygg/forsamlingslokale/offentleg bygg	kr 20 030	kr 19 500
Sakshandsaming tilbygg/påbygg/ombygging næringsbygg (som over)	kr 5 000	kr 4 870
Sakshandsaming driftsbygning i landbruket større 100 m2	kr 5 000	kr 4 870
Sakshandsaming driftsbygning mindre enn 100 m2	kr 4 380	kr 4 260

### 6.4 Søknad om endring av løyve

<b>Søknad om endring av løyve</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Søknad om endring av løyve	kr 2 520	kr 2 450

### 6.5 Dispensasjon etter plan og bygningslova

<b>Dispensasjon etter plan- og bygningslova</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Dispensasjon etter plan- og bygningslova	kr 10 000	kr 8 550



## 6.6 Godkjenning av ansvarsrett

<b>Godkjenning av ansvarsrett</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Personleg godkjenning som sjølvbyggjar	kr 1 210	kr 1 190

## 6.7 Andre tiltak

<b>Andre tiltak</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Riving av bygning, fasadeendring	kr 1 890	kr 1 840
Naust, brygger, mindre enn 50 m2, inkl. ombygging, påbygg i tråd med godkjent reg.plan (disp.gebyr kjem i tillegg)	kr 5 000	kr 4 870
Molo, brygge, større enn 50 m2	kr 6 250	kr 6 090
Bruksendring	kr 3 380	kr 3 290
Vesentlege terrenginngrep, graving/fylling/sprenging utanom byggesak (veg, mur, tekniske anlegg osv.)	kr 5 000	kr 4 870
Forstøtningsmur, mur	kr 2 520	kr 2 450
Basseng, brønn, dam, innhegning, terrenginngrep og andre mindre søknadspliktige tiltak	kr 1 240	kr 1 210
Deling etter plan- og bygningslova	kr 2 520	kr 2 450
Mellombels tiltak inkl. mellombels bruksendring	kr 2 520	kr 2 450

## 6.8 Reguleringsplan / detaljplan

<b>REGULERINGSPLAN / DETALJPLAN</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Vurdering av planframlegg som ikkje er i tråd med kommuneplan		
a. Byggeområde	kr 6 250	kr 6 090
b. LNF-område	kr 12 530	kr 12 200
Handsaming av reguleringsplan/detaljplan	kr 31 300	kr 30 480
Handsaming av reguleringsendring	kr 8 780	kr 8 550
Gebyr pr pkt/tomt/bueining i detaljplan/endring av plan	kr 1 890	kr 1 840
Kostnad detaljplan som blir avvist ved 1. gongs handsaming	kr 25 040	kr 24 380
Utbyggjar kostar undersøkingar etter kulturminnelova		
Timepris digital ferdiggjering av plan	kr 920	kr 900

## 6.9 Gebyr for saker etter ureiningslova

<b>GEBYR FOR SAKER ETTER UREININGSLOVA</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Søknad om nytt eller fornying av utsleppsløyve for utslepp < 50 pe	kr 3 130	kr 3 050
Søknad om nytt eller fornying av utsleppsløyve for utslepp > 50 pe	kr 15 010	kr 14 620
Søknad om tilknytning til eksisterande anlegg/utsleppsleidning	kr 1 890	kr 1 840

## 6.10 Gebyr etter jord-/skog-/forpaktings- og konsesjonslov

<b>GEBYR ETTER JORD-/SKOG-/FORPAKTINGS- OG KONSESJONSLOV</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Deling etter jordlova	kr 1 890	kr 1 840
Omdisponering etter jord- og skoglov	kr 1 890	kr 1 840
Forpakting, tiltredings- og fråtreidingskjønn, landbrukstakst	kr 5 000	kr 4 870
Konsesjonssøknad (jfr forskrift)	kr 5 000	kr 5 000

## 7 VEG OG KAI

<b>Veg og kai</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Bompengesats frå Gullingen og innover Breiastølsdalen	kr 65	kr 61
Årskort	kr 320	kr 306
Bubilovernatting på kai (sats avhengig av tenesteyting)	kr 90-200	kr 90-200
<b>Pris for bruk av kommunal kai (frakt av varer)</b>		
Tømmer (pris per kubikk)	kr 13,7	kr 13,3
Anna (pris per tonn evt pr 2 kubikk)	kr 8,8	kr 8,6

<b>Parkering skilta fjellparkeringsplassar</b>	<b>2021</b>	
Dagparkering	Kr. 30	
Årskort dagparkering (vindusmerke)	Kr. 150	
Døgnparkering	Kr. 200	
Årskort døgnparkering (vindusmerke)	Kr. 2.000	

For varer som blir frakta med skip til eller frå over kommunen sine kaiar skal det betalast vareavgift. Berekningsgrunnlaget for vekt er metriske tonn. Volumgods reknast om til vekteinng der 2 kubikk = 1 tonn

**Minstepris 530kr**

**Lagring på kai kr. 550/døgn.**

For produksjonsbedrifter som er knytta direkte til kommunale kaiar har rådmannen fullmakt til å gjera eigne avtalar. Det er då ein føresetnad at det er eit visst volum over utføringa.

## 8. KOPIERING/UTSKRIFT AV KART OG TEIKNINGAR.

(utan mva for kopi av off. arkiv – elles kjem mva. i tillegg)

2021				
Storleik	Svart/kvitt kopi	Fargekopi	Kart/ Ortofoto	Teikningar
A4	kr 2	kr 8	kr 29	kr 154
A3	kr 4	kr 14	kr 118	kr 224
A2	kr 9		kr 254	
A1	kr 35		kr 254	
A0	kr 40		kr 355	
Laminering				
A4	kr 10			
A3	kr 17			

## 9. BRØYTING

Brøyting inkl mva	2021	2020
Brøyteavgift	kr 6 270	kr 6 110
eks mva	kr 5 016	kr 4 888

## 10. SAL AV BUSTADTOMTER

Bustadfelt 2021	Tal ledige tomter	Pris råtomt pr. m2	Refusjon for opparbeidingskostnader	Merknader
Haugabjør, Suldalsosen	3	30	kr 90 100	
Mehushaugen, Suldalsosen	1	30	kr 90 100	
Svehaugane, Jelsa	3	30	kr 297 500	
Kjølvikstølen, Ropeidhalvøya	4	30	kr 266 100	
Haugen, Sand	7	201	kr 366 600	
Vanvik bustadfelt	7	65	kr 404 300	
Huldrehaugen, Marvik	7	30	kr 32 500	

I tillegg kjem tilknytingsavgifter, oppmålingsgebyr og sakshandsamingsgebyr på til saman om lag kr. 90.000,- inkl. mva. Sakshandsamingsgebyret på sal av bustadtomter er på kr. 9.400,- i 2020.

Tomta skal vera påbegynt innan to år og ferdigbygd innan fire år.

## 11. HUSLEIGESATSAR FOR KOMMUNALE BUSTADER

- Husleiga kan endrast ei gong i året lik endringa i konsumprisindeksen, jf. Husleigelova § 4-2.
- Når leigeforholdet har vart i 2 og eit halvt år, så kan leigepriisen endrast til gjengs leige, jf. Husleigelova § 4-3.

## 12. HUSLEIGESATSAR OMSORGSBUSTADER OG VERNA BUSTADER

- Husleigeforholdet skal vere i samsvar med husleigelova.
- Leige vert fastsett for kvar bustad (k.sak 80/02).
- Leigeforhold til ovannemnde føremål er ikkje tidsavgrensa.

## 13. BETALINGSSATSAR FOR OPPHALD I SJUKEHEIM

- For langtidsopphald i sjukeheim i Suldal er betalinga 75 % av grunnbeløpet med frådrag av fribeløp fastsett av Kongen. Av inntekter utover grunnbeløpet vert det trekt inntil 85 %, då med reduksjon av kr. 1.000,- til dekking av "renter for lommepengekonto" som ikkje skal vere med i grunnlaget. Berekninga vert avrekna med grunnlag i endeleg likningsoppgjær året etter opphaldet.
- For m.a. yrkesskadetrygd, krigspensjon og når pensjonærane har heimebuande ektefelle, gjeld særskilte reglar. Ved den årlege avrekninga vert det teke omsyn til ev. ekstraintekter, skatt og gjeldsrenter.
- Utbetaling ved permisjon ved opphald på sjukehus: kr 0,-.
- For korttidsopphald i sjukeheimen: Full sats for 2020 er 170,- for døgnopphald i institusjon inntil 60 dagar og kr 90,- for dag- eller nattopphold. Ved korttidsopphald over 60 dagar blir det betalt som ved langtidsopphald. Utbetaling ved permisjon i heimen for permisjon på 4 døger eller mer er per no kr 170,- per døgn, jf. «Rundskriv I-1/2020 om endring av fribeløp og egenandeler for kommunale helse og omsorgs-tjenester» i «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester». **Satsar for 2021 kjem ved årsskiftet.**

## 14. BETALING FOR HEIMEBASERTE TENESTER

- A. Det kan ikkje krevjast eigenbetaling for heimesjukepleie.
- B. Betalingssatser for praktisk bistand og opplæring i dagleglivet sine gjeremål:
- B.1. Praktisk bistand omfattar heimehjelp, husmorvikarteneste og anna hjelpeverksemd for eldre, funksjons-hemma og barnefamiljar.
- B.2. Opplæring omfattar opplæring i dagleglivet sine gjeremål for å gjera den einskilde mest mogleg sjølvhjelpen. For desse tenestene vil ein framleis ha utgiftstak.
- B.3. Utgiftstak for inntekt under 2 G vert fastsett sentral, jf. forskrift om kommunal eigenandel i helse og omsorgstenesta § 10.
- Satsar for 2021 kjem ved årsskiftet.**

C. Dersom det kjem noko i vegen slik at ein ikkje vil motta tenesta, må ein melde frå til heimehjelpsformidlareren seinast 2 dagar før tenesta er avtala utført dersom ein skal sleppe å betale for tenestene under pkt. b.

2021	Timesats	Utgiftstak pr. mnd.
Inntil 2G	kr 210	kr 210
2G - 3G	kr 262	kr 730
3G - 4G	kr 262	kr 1 380
4G - 5G	kr 262	kr 2 110
Over 5G	kr 262	kr 2 700

D. Dagtilbod

<b>Dagtilbod abonnement pr. måned:</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
1 dag pr. veke eks mat	kr 340	kr 330
2 dagar pr. veke eks mat	kr 650	kr 630
3 dagar pr. veke eks mat	kr 930	kr 910
4 dagar pr. veke eks mat	kr 1 390	kr 1 350
5 dagar pr. veke eks mat	kr 1 590	kr 1 550

E. Bruk (leige) av vaskemaskin og tørketrommel (inkl. vaskepulver og straum) kr. 100,- pr. mnd.

F. Eigenbetaling for mat *inkl. mva.*: (Ikkje med i utgiftstak)

<b>Mat</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Middag til brukarar med fast avtale	kr 100	kr 95
Frukost/kvelds/graut til brukarar med fast avtale	kr 50	kr 45
Middag til personalet i den einskilde sona	kr 120	kr 120
Middag til besøkjande inkl 25% mva	kr 120	kr 120
Middag til born under 10 år inkl 25% mva	kr 0	kr 0

G. Leigepris for trygghetsalarm per måned: (Ikkje med i utgiftstak)

<b>Trygghetsalarm</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Trygghetsalarm (serviceteneste) med smykke, røykvarsling og e-lås, pris per måned	kr 314	kr 260
Erstatningssmykke	kr 790	
Tap av trygghetsalarm	4000	
Montering eller demontering	461	

Viss tryggleiksalarman erstatte annan helsehjelp tar ikkje kommunen noko betaling. Sakshandsamar gjer ei vurdering i kvar søknad .

H. Signalanlegg omsorgsbustad: (Ikkje med i utgiftstak)

<b>Signalanlegg omsorgsbustad</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Per måned	kr 178	kr 173

I. Gravferdsteneste

<b>Gravferdsteneste</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Gravferdsteneste	kr 1 650	kr 1 610

I tenesta ligg:

- Stelle den døde
- Bestille kiste
- Leggje i kiste
- Bestille bærebil
- Leggja til rette for avskjedsstund på bærerommet på sjukeheimen

## **15 AVLASTING**

Etter lov om sosiale tenester er det ikkje høve til å ta eigenbetaling for avlasting.

## **16 BETALING FOR HELSETENESTE**

A Helseteneste – etter reglar frå sentralt hald

B Reisevaksine – etter reglar i frå sentralt hald

Familiegruppe på 3 eller fleire: kvar 3 over 16 år betaler 2. gongs konsultasjons-pris.

Kostnad for vaksiner kjem i tillegg.

## 17 BETALING FOR OPPHALD I BARNEHAGAR

### A) Opningstida i barnehagane

Normalopningstida i barnehagane er klokka 07.00-16.30 med følgjande to unntak:

1. I barnehagar med færre enn ti snittplassar kan styrar i etter drøfting med samarbeidsutvalet koma fram til redusert normalopningstid.
2. Foreldre kan, etter søknad, få tilbod i barnehagen 15 minutt før (06.45) eller 15 minutt etter(16.45). Det ligg til grunn at det likevel er 9,5 time som er tilbodet også denne dagen.

Ved ferieavvikling i veker der det er færre enn 5 plasser kan barnehagen vurdere å halda stengt. Dette skal foreldra bli informert om seinast 1. mai.

### b) Betaling:

2021	Betalingssatsar pr mnd:		
Barnehage per måned	5 dagar	4 dagar	3 dagar
Maksimalpris barnehage	kr 3 230	kr 2 870	kr 2 210
Betaling for kost (matpengar)	kr 462	kr 360	kr 270
<b>Totalt</b>	<b>kr 3 692</b>	<b>kr 3 230</b>	<b>kr 2 480</b>

- Det blir ikkje gitt tilbod om 1 eller 2 dagar.
- Månadsbetaling for frukt, mat og drikke m.m i barnehagane i Suldal kommune er sats gange tal på opphaldsdagar pr. veke.
- For fullt år skal det betalast for 11. månader. 6-åringar som går i barnehagen fram mot skulestart betalar halv pris for august.
- Det vert gitt 30 % søskenmoderasjon reduksjon i prisen for 2. barnet og 100 % søskenmoderasjon frå 3. barn familien har i barnehagen eller SFO. Det yngste barnet betalar full sats.
- Det er betaling ved tilfeldig opphald som t.d. ved gravferd m.m. på kr 350,- per dag. Ein føresetnad er at det er plass i barnehagen.
- Foreldrebetalinga skal reknast etter bruttoinntekt for familie/sambuarar. For barnehageåret 2020/2021 vert bruttoinntekt for 2019 lagt til grunn. For barnehageåret 2021/2022 vert bruttoinntekta for 2020 lagt til grunn
- Viss maksprisen er høgare enn seks prosent av hushaldninga si samla inntekt, så kan du søke om redusert pris.
- Familiar med bruttoinntekt under 3G (G = folketrygdens grunnbeløp) har rett på gratis barnehageplass (men må betale matpengar på lik linje med andre).
- Alle 2 til 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushald med låg inntekt, har rett på 20 timer gratis opphaldstid i barnehage per veke. I dag gjelde det alle familiar med en samla inntekt under NOK 566 100.
- Ved store endringar i inntekta, som utgjer meir enn 1/3 av inntekta, må ein melde frå til kommunen. Foreldrebetalinga kan då bli endra.
- Ved brå endring i familietilhøve som har innverknad på familieinntekta, vil endra foreldrebetaling bli vurdert (t.d. sjukdom, skilsmisse, utdanning)
- Fristen for oppseiing er oppseiingsmånaden + etterfølgjande måned.
- Ved sjukefråvær på 1 måned eller meir, kan det etter søknad gjevast betalingsfritak for den tida barnet har vore borte. Det må dokumenterast at barnet er sjukt, eller at sjukdom til familiemedlem gjer det vanskeleg/uråd å ha barnet i barnehagen.
- Rådmannen kan ved manglande betaling sei opp tildelt plass i barnehage jfr barnehagevedtekter pkt 15

## 18 SKULEFRITIDSORDNING

SFO Pris	2021	2020
SFO-1 Kortdag	kr 1 270	kr 1 240
SFO 2 Langdag	kr 2 420	kr 2 360
SFO 4 Full ferie	kr 520	kr 510
SFO 5 Feriepakka (3 veker)	kr 380	kr 367
Ekstra dag SFO (når det er skule)	kr 160	kr 153

- SFO 1 Kortdag = del av dag før og etter skulen, lokale tilpassingar
- SFO 2 Langdag = frå kl. 07:30 til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16:30
- Der det er tre barn eller mindre som har behov (SFO), skal tilbodet samordnast med barnehagen. Ferielukking av nokre barnehagar kan vera aktuelt dersom ein sikrar at barna likevel har eit tilbod.
- Månadsbetalinga skal reknast etter opphaldstid i vanleg skuleveke og skal ikkje overgå meir enn 6% av inntekta til familiar med barn som går i SFO i 1. og 2. klasse.
- For fullt skuleår (følgjer skulerute) skal det betalast for 10 månader (halv betaling i juni og august og inga betaling i juli). SFO er stengt i juli.
- For barn i 5.–7. klasse med særskilte behov skal det frå og med skuleåret 2020-2021 gjevast gratis SFO dersom lege eller anna faginstans har gitt skriftleg tilråding om at barnet bør gå i SFO.
- Fristen for oppseiing er oppseiingsmånaden + etterfølgjande månad.
- Det vert gitt 30 % søskenmoderasjon i prisen for 2. barnet og 100 % søskenmoderasjon frå 3. barnet familien har i barnehagen eller SFO. Det yngste barnet betalar full sats.
- Ved kjøp av ekstra dag så skal det betalast kr 160,- for skuledag (SFO før og etter skuledagen). Det er ikkje søskenmoderasjon på kjøp av ekstra dag.
- Rådmannen kan ved manglande betaling sei opp tildelt plass i SFO jfr vedtekter § 6.

## 19 KULTURSKULEN

Kulturskulen	2021	2020
Individuell opplæring pr semester pr barn	kr 1 470	kr 1 430
Individuell opplæring pr semester pr voksen	kr 2 170	kr 2 110
Gruppeopplæring	kr 1 410	kr 1 370
Kor og liknande.	kr 500	kr 500
Leige av musikkinstrument per semester	kr 270	kr 260

- Me gir 20% søskenmoderasjon (etter alder) frå og med det 2. barnet og frå og med 2. tilbod for same barn.
- Me har gratis plassar for barn i låginntektsfamiliar (ta kontakt med kulturskulen for meir informasjon)
- Rådmannen kan ved manglande betaling sei opp tildelt plass i kulturskulen



## 20 BRUK AV DISTRIKTMUSIKARANE UTANFOR KOMMUNEN

Eigne avtalar med Ryfylkekommunar. Pris for anna bruk av distriktmusikarane etter nærare avtale.

## 21 GEBYR SALS OG SKJENKELØYVE, TILSYN TOBAKK

### Faste sals- og skjenkeløyve

Gebyr for faste sals- og skjenkeløyve vert endra i samsvar med satsane i § 6-2 i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. For 2020 var satsane sett til minimum 1700 kr for salsløyve og 5300 kr for skjenkeløyve.

### Ambulerande og løyve for einskild høve

For ambulerande løyve er gebyr sett til 380 kr, jf § 6 – 2 i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv.

For løyve til einskild høve er gebyr for arrangement differensierte.

- For arrangement der det er venta inntil 200 gjester: 1000 kr
- For arrangement der det er venta over 200 gjester: 2000 kr

### Tilsyn tobakk

Tilsynsavgift for tobakk vert endra i samsvar med satsane i § 24 i tobakksalsforskrifta. For 2020 var satsane sett til 4700 kr for fast sal og 1250 kr for midlertidig sal.

## 22.GEBYR FOR KUNNSKAPSPRØVE

Gebyr for kunnskapsprøve kr 400,-.

## 23 UTLEIGEREGLAR –OG PRISAR FOR KOMMUNALE BYGG (IKKJE BUSTADER).

### Utleigereglar:

1. Rom i kommunale bygg skal i hovudregelen vera tilgjengelege for alle lovlege føremål som blir skipa til av lag og organisasjonar som høyrer til i kommunen.  
For kulturhuset gjeld det og lag og organisasjonar som høyrer til i regionen indre Ryfylke.
2. Dei som til dagleg disponerer lokala har fullmakt til å gjera avtale om utleige. Utleigaren har og fullmakt til å ta avgjerd om aktivitetar som ikkje skal tillatast.
3. Leigar har plikt til å setja seg inn i og retta seg etter gjeldande ordensreglar.  
For kulturhuset gjeld det og brann –og innbrotsalarm.
4. I Suldalshallen og på skulane skal all trening vera avslutta kl. 22.00. All bruk utover denne tida må avtalast med utleigar. Trening må vika for anna arrangement.
5. Det er forbode å nyta alkohol innafor skuleområda.  
I andre bygg enn skulebygga kan den som av rådmannen er gitt driftsansvar for huset i særskilte høve gje løyve til lukka arrangement.  
Søknad om ambulerande skjenkeløyve må sendast rådmannen.

### Kulturhuset:

Her er det tillete å skjenka øl og vin i storsalen og foajeen inkl. "allrom" i hovudetasjen under føresetnad av at amfiet ikkje er i bruk. I tillegg føresetnad om:

- Ambulerande skjenkeløyve. Avgjerdsrett er delegert rådmannen.
- At arrangementet er basert på eit vakse publikum.
- At kravet til matserving er oppfylt.

## Utleigeprisar:

### A. Fellesreglar:

1. Lag og organisasjonar som høyrer til i kommunen, og for kulturhuset lag og organisasjonar som høyrer til i regionen indre Ryfylke, kan få leiga rom gratis til ikkje inntektsgivande arrangement. I Suldalshallen må lag og organisasjonar som brukar hallen ta del i vaktordninga på kveldstid. Den blir fordelt etter kor mykje tid kvar enkelt lag brukar hallen.
2. Dersom utleige fører med seg store ekstra kostnader til reingjering, straumforsyning m.m. kan utleigar krevja betaling i samsvar med reelle utgifter. (gjeld og lag/ organisasjonar i pkt. 1).
3. For overnattingsopphald i helger og skuleferiar er leiga 65,- kr. pr. døgn pr. deltakar.
4. Det er høve for utleigarane til å laga meir detaljerte reglar innafor den ramma kommunestyret her har fastsett; t.d. leige tilpassa deler av dag.

### B. Fellesreglar unnateke pkt. C-F.

For firma, utanbygds –og private lag og organisasjonar som leiger:

Rom - pris pr dag	2021	2020
Mindre rom	kr 520	kr 510
Gymsalar / større salar	kr 940	kr 920
Salsutstilling i mindre lokale	kr 100	kr 100

For salsutstillingar i mindre lokale må ein og betale 10% av omsetninga - det må leggjast fram rekneskap.

### C. Kulturhuset:

1. Lag og organisasjonar som høyrer til i regionen indre Ryfylke betalar inntil 30 % av billettinntektene med eit tak på kr. 9 000,- pr. dag ved inntektsgivande arrangement – elles gratis. Det må leggjast fram rekneskap.
2. Lag og organisasjonar utanfor indre Ryfylke, artistar, kulturinstitusjonar og bedrifter m.m. betalar mellom kr. 900,- og kr. 9 000,- pr. dag (avhengig av areal) ved ikkje inntektsgivande arrangement, elles 20% av omsetning (minsteleige kr 9 000). Det må leggjast fram rekneskap. Rådmannen har fullmakt til å fråvika desse satsane.
  - Tillegg for teknisk assistanse kr. 300,- / 400 (kveld og helg) + mva. pr. time pr. person; dvs. hjelp til lys, lyd og anna teknisk hjelpemiddel, ekstravakter og billettsal på arrangementsdagen for lag og organisasjonar som høyrer til i regionen indre Ryfylke – elles kr. 500,- / 600 (kveld og helg) pr. time
  - Ved innleige av eksternt teknisk personell, blir utgift direkte vidarefakturert på leigetakar.
  - Billettavgift kr 15/25 (lag utanfor Ryfylke, artistar mm)

### D – F. Leige av hall

2021	En av hallene		Begge hallene
	Time	Dag	
<b>Leige av Suldalshallen og/eller Sandhallen:</b>			
Heile hallen til kongressar, leirar o.l.			
Næringsliv, private og utabygds lag og organisasjonar		kr 4 200	kr 7 860
Innanbygds lag og organisasjonar		kr 1 990	kr 3 870
Heile hallen til salsmesser o.l. .			
Næringsliv, private og utabygds lag og organisasjonar	kr 530	kr 8 590	kr 15 610
Innanbygds lag og organisasjonar		kr 4 190	kr 7 860

Noregs Volleyballforbund si leige av Sentralidrettsanlegget er regulert i eigen avtale.

#### G. Sentralidrettsanlegget, uteanlegget m/ tilgong til utegarderobar i Suldalshallen

Anlegg	2021	2020
Heile anlegget inntil 6 timar per time	kr 540	kr 530
Heile anlegget over 6 timar per dag	kr 4 200	kr 4 100

#### H. Gullinghuset:

Gullinghuset	2021	2020
Næringsliv, private og utabygds lag og organisasjonar pr dag	kr 1 540	kr 1 500

## 24. BILLETTPRISER SULDAL BAD

Billettprisane blir bestemt av styret i Suldal Bad Publikum AS. Kommunestyret tilrår at prisane blir konsumprisregulert, og at ein samanliknar seg med prisen til andre svømmehaller i regionen. No er prisen på:

Billetttype	2020
<b>Enkeltbillett</b>	
Barn 3-15 år (fram til fylte 15 år)	80
Barn under 3	Gratis
Skuleungdom (frå 15 år) og honnør	100
Vaksne	120
Familie (foreldre + barn, ikkje besteforeldre)	300
<b>Sesongkort</b>	
Årskort barn 3-15 år (fram til fylte 15 år)	2 200
Årskort skuleungdom (15 år og eldre) og honnør	2 500
Årskort vaksen	3 000
Årskort familie (føresette + barn frå same familie)	7 000
Halvårskort barn 3-15 år (fram til fylte 15 år)	1 500
Halvårskort skuleungdom (15 år og eldre) og honnør	1 600
Halvårskort vaksen	2 000
<b>Klippekort (12 klipp)</b>	
Klippekort barn 3-15 år (fram til fylte 15 år)	800
Klippekort skuleungdom (15 år og eldre) og honnør	1 100
Klippekort vaksen	1 200

## 25. TILSKOT TIL VETERINÆRSKYSS

Suldal kommune dekker reiseutgifter til veterinærhjelp for køyring frå 5 til 20,0 km kvar veg.

## 26. AVGIFT FOR GRAVFESTE

Avgift for gravfeste kr. 130,- pr. år (etter 20 år). Dersom det blir sett av grav til attlevande ektefelle ved sida av den gravlagde, forfell begge gravene til betaling 20 år etter at første grav blei tatt i bruk.

## 27. BORGARLEG VIGSEL

Tilbudet er gratis for innbyggjarane i Suldal kommune så lenge du vil gifte deg i lokalet kommune tilbyr, kommunestyresalen. For par som ikkje har bustadadresse Suldal er prisen 1.000 kroner for vigsel i kontortida.

Er det ønskje om vigsel andre stader og til andre tider enn det som er fastsett må brudefolka dekke kommunen sine faktiske utgifter, minstepris 2.000 kroner.

## 27. OMSORGLØN, STØTTEKONTAKT OG PRIVAT AVLASTING

- Godtgjersle for omsorg (omsorgsløn). Timesats lik minstelønssats etter 10 år for ufaglært arbeidskraft.
- Støttekontakt blir lønna lik minstelønssats for ufaglært arbeidskraft.
- Privat avlasting blir lønna lik minstelønssats for ufaglært arbeidskraft. Ved avlasting i heile døgn reknar ein vanlegvis lønn for 16 timar pr. døgn. Utgiftsdekning etter KS sine satsar.
- Enkelttimar med avlasting blir lønna lik minstelønssats for ufaglært arbeidskraft.

## 28. EIGEDOMSSKATTEN

1. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og (...), jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
2. I tillegg skriv kommunestyret ut eigedomsskatt etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4.
3. Eigedomsskatten skal vere på 7 %, jf. Eigedomsskattelova § 11.
4. Eigedomar som vert drivne som gardsbruk eller skogbruk er fritekne for eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 5 bokstav h.
5. Klage over eigedomsskattetaksten må vera fremja innan 3 veker frå utleggsdatoen for eigedomsskattelista, jf. eigedomsskattelova § 19.
6. Eigedomsskatten vert skreve ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.

## 29. ULLA FØRRE NÆRINGSFOND:

Renta på lån i Ulla Førre næringsfond er for 2021 4 % p.a. halvårleg etterskotsrente. Renta er den same som den renta som Innovasjon Norge nyttar for innovasjonslån.

## 30. VED MISLEGHOLD AV BETALING :

Suldal kommune vil gjennomføra innfordringstiltak ved manglande betaling, jf. tabell under. Skuldnar må betale gebyr i samsvar med tabellane nedanfor. Satsar for gebyr blir regulert etter rettsgebyr og inkassosats fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet, gjeldande sats per 31.12.2020 kjem fram av tabella nedanfor

	KOMMUNALE KRAV - GENERELT	Sats
1	PURRING/INKASSO VARSEL	Kr 35
2	BETALINGSOPPFORDRING/4-18 Varsel (3/10 av inkassosats) BETALINGSAVTALE vert vurdert under føresetnad om underteikning av gjeldsbrev	kr 210
3	KRAVSMÅL OM UTLEGG/FORLIKSKLAGE (rettsgebyr) ihht Tvangsfullbyrdelseslova §7-1 og Tvisteloven §6-3 Ved utlegg i verdigjenstand vil følgjande innfordring skje:	kr 1 992
4	VARSEL FØR TVANGSALG	
5	TVANGSAL LØSØRE (NAMSMANN)	kr 4 043

5	TVANGSAL FAST EIGEDOM (NAMSMANN)	kr 8 672
5	TVANGSDEKNING I VERDIPAPIRAR (NAMSMANN)	kr 3 633

	<b>BARNEHAGE, SFO, KULTURSKULE</b>	<b>Sats</b>
1	PURRING/INKASSO VARSEL	kr 35
2	BETALINGSOPPFORDRING/4-18 Varsel (3/10 av inkassosats)	kr 210
	Utseiding av varsel om oppseiing av plass	
	BETALINGSAVTALE vert vurdert under føresetnad om underteikning av gjeldsbrev	
3	KRAVSMÅL OM UTLEGG/FORLIKSLAGE (rettsgebyr) ihht Tvangsfullbyrdelsesloven §7-1 og Tvisteloven §6-3	kr 1 992
	Ved utlegg i verdigjenstand vil følgjande innfordring skje:	
4	VARSEL FØR TVANGSALG	
4	TVANGSAL LØSØRE (NAMSMANN)	kr 4 043
4	TVANGSAL FAST EIGEDOM (NAMSMANN)	kr 8 672
4	TVANGSDEKNING I VERDIPAPIRAR (NAMSMANN)	kr 3 633

	<b>HUSLEIGE</b>	<b>Sats</b>
1	PURRING/INKASSO VARSEL (1/10 av inkassosats)	kr 35
2	BETALINGSOPPFORDRING/4-18 Varsel (3/10 av inkassosats)	kr 210
	Utseiding om VARSEL OM UTKASTELSE (jfr Husleigeloven)	
	BETALINGSAVTALE vert vurdert under føresetnad om underteikning av gjeldsbrev	
	Viss punkta ovanfor ikkje føre frem, så blir leigetakar kasta ut og rettsleg innkreving blir satt i gong (opptil 2,6 rettsgebyr).	kr 3 047
3	KRAVSMÅL OM UTLEGG/FORLIKSLAGE (rettsgebyr) ihht Tvangsfullbyrdelsesloven §7-1 og Tvisteloven §6-3	kr 1 992
	Ved utlegg i verdigjenstand vil følgjande innfordring skje:	
4	VARSEL FØR TVANGSALG	
4	TVANGSAL LØSØRE (NAMSMANN)	kr 4 043
4	TVANGSAL FAST EIGEDOM (NAMSMANN)	kr 8 672
4	TVANGSDEKNING I VERDIPAPIRAR (NAMSMANN)	kr 3 633

	<b>KOMMUNALE AVGIFTAR</b>	<b>Sats</b>
1	PURRING/INKASSO VARSEL (1/10 av inkassosats)	kr 35
2	BETALINGSOPPFORDRING/4-18 Varsel (3/10 av inkassosats)	kr 210
3	<b>UTLEGGSTREKK NÅR SKYLDNAR HAR LØNSINNTEKT</b> (gebyr for sakshandsaming kan kome i tillegg)	
3	VARSEL OM TVANGSAL	
4	TVANGSAL (NAMSMANN)	kr 8 510

KOMMUNALE AVGIFTAR har legalpant ihht Skattebetalingsloven §14-1 Tvangsgrunnlag for utlegg og Eigedomsskattelova

RETTSGEBYR PER 01.10.2020:	kr 1172
INKASSOSATS PER 01.10.2020:	kr 700